



## SAKSFRAMLEGG

Saksnr:	Utval:	Dato
	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	
	Kommunestyret	

Sakshandsamar:	Arkiv:	ArkivsakID
Åse Elin Myking	FA-M70	17/548

### SAMARBEIDSAVTALE FOR VEST BRANN- OG REDNINGSREGION KOF

#### Vedlagte saksdokument:

Vest brann- og redningsregion KOF - Samarbeidsavtale.PDF  
Samarbeidsavtale for Vest brann- og redningsregion KOF

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune vedtar samarbeidsavtalen for *Vest brann- og redningsregion kommunalt oppgåvefellesskap.*

#### Saksopplysninger:

##### Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Vaksdal kommune deltar i interkommunalt samarbeid i Vest brann- og redningsregion. I samsvar med ny kommunelov vert samarbeidsforma endra til kommunalt oppgåvefellesskap. Styret i Vest brann- og redningsregion har sendt ny samarbeidsavtale til godkjenning i kommunane.

##### Bakgrunn for saka

Vest brann- og redningsregion (VBR) som omfattar kommunane Askøy, Austevoll, Bergen, Bjørnafjorden, Bømlo, Eidfjord, Fitjar, Kvam, Kvinnherad, Osterøy, Samnanger, Stord, Tysnes, Ullensvang, Ulvik, Vaksdal, Voss og Øygarden ble oppretta som eit § 27-samarbeid etter den gamle kommunelova. Etter ny kommunelov frå 2019 skal slike samarbeid endrast til kommunalt oppgåvefellesskap eller interkommunalt selskap. Fristen for omdanning er fire år etter at den nye kommunelova trådde i kraft, det vil sei hausten 2023.

##### Formelt grunnlag

Kommunelova kap 19

##### Vurdering og konsekvensar

Årsmøtet i VBR fatta følgande vedtak 27. april 2021:

1. Årsmøtet vedtar å omdanne Vest brann- og redningsregion til et interkommunalt oppgåvefellesskap innen 2022.
2. Årsmøtet gir styret fullmakt til å utarbeide en samarbeidsavtale med utgangspunkt i dagens vedtekter.

*3. Samarbeidsavtalen skal legges frem for kommunestyrene i samtlige deltakerkommuner for godkjenning.*

Når det vert oppretta eit kommunalt oppgåvefellesskap, skal det inngåast skriftleg samarbeidsavtale mellom alle deltakarane i oppgåvefellesskapet. Vedlagt følger framlegg til samarbeidsavtale for Vest brann- og redningsregion KOF.

Sekretariatet har innhenta erfaringar frå IUA-samarbeid og ein del andre samarbeidsorgan som er under omdanning til kommunale oppgåvefellesskap. Det er også søkt råd hos KS Advokatene og Kystverket, blant anna for å sikre at samarbeidsavtalen tar tilstrekkeleg omsyn til forskjellen i størrelse på deltakarkommunane.

Styret i Vest brann- og redningsregion KOF behandla forslaget til samarbeidsavtale i møte 16. mars d.å., og fatta samrøystes følgande vedtak:

*Styret godkjenner samarbeidsavtalen for Vest brann- og redningsregion KOF, og ber sekretariatet sende denne til alle deltakerkommunene for godkjenning i kommunestyrene. Mal for saksfremstilling skal legges ved samarbeidsavtalen ved utsendelse til deltakerkommunene for å sikre at det blir fattet likelydende vedtak i alle kommunene*

Samarbeidsavtalen trer ikkje i kraft før den er godkjent av kommunestyra i alle deltakarkommunane. Det er ønskeleg at kommunestyra fattar vedtak før sommaren 2023.

Omdanninga av Vest brann- og redningsregion frå eit § 27-samarbeid etter den gamle kommunelova til eit kommunalt oppgåvefellesskap etter den nye kommunelova forventast ikkje å få økonomiske konsekvensar for deltakarkommunane.

Kommunedirektøren rår til at samarbeidsavtalen vert godkjent slik den ligg føre.